

KVINNHERAD KOMMUNE  
ROSENDALSVEGEN 10  
5470 ROSENDAL

Y Kvinnherad kommune	
25 OKT. 2016	
Saksnr.: 16/1383	U.off.:
Saksbeh. MHS	Kopi:



Dykkar ref.:  
2016/1383-20

Vår ref.: østben  
Sak/dok.: 10669414/

Dato:  
24.10.2016

## Dokumenta har manglar og kan ikkje tinglysast

### Saka gjeld gnr. 119 bnr. 3 i 1224 Kvinnherad kommune

Vi har vurdert krav om sletting av rett til utskilt tomt og melding til tinglysing om arealoverføring i matrikkelen som de har sendt inn for tinglysing. Dokumenta har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dei.

#### Kva må til for at dokumenta kan tinglysast?

Dokumentavgifta skal fastsetjast ut frå marknadsv verdien til eigedomen som her blir oppretta, - på tinglysingstidspunktet. Dette følgjer av dokumentavgiftslova § 7 første ledd.

Verdien de har ført opp i dokumentet er så låg at vi er usikre på om dette er marknadsv verdien. Vi ber derfor om at de anten

- endrar avgiftsgrunnlaget til marknadsv verdien, eller
- dokumenterer kvifor de meiner at avgiftsgrunnlaget er rett

Dersom de held fast på at avgiftsgrunnlaget er rett utan å grunngi dette nærmare, kan Statens kartverk Tinglysing fastsetje avgiftsgrunnlaget ved skjønn og tinglyse dokumentet. Vi kan fastsetje ved skjønn når vi meiner at avgiftsgrunnlaget openbart er for lågt. Dette følgjer av dokumentavgiftslova § 7 tredje ledd.

Vi kan avvise dokumentet dersom de skriftleg gjer det klart at de berre ønskjer tinglysing dersom vi godtek avgiftsgrunnlaget de har ført opp.

#### De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenta inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

#### Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

■ [www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

Statens kartverk Tinglysing, Tinglysing – fast eigedom  
Besöksadresse: Kartverksveien 21 Hønefoss, Postadresse: Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss  
Telefon: 08700 Telefaks: 32 11 88 01  
E-post: [tinglysing@kartverket.no](mailto:tinglysing@kartverket.no) Organisasjonsnummer: 971 040 238

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre [www.tinglysing.no](http://www.tinglysing.no). På [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no) er det mogeleg å sjå kva som er tinglyst i grunnboka.

Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 89 33.

Med helsing  
Statens kartverk Tinglysing

*Bente Østvold*

Bente Østvold  
saksbehandlar

